

mgs-kolleger. Statsminister Per Borten var ikke tilstede og

mité, uttalte: I en dramatisk fase da norsk politikk tapte anseelse,

strid. Han er klar og fast, og derfor samlende, sa Willoch.

# Aftenposten

## Dagen før „først”

12/3-71

### Svar til advokat Sv. Hartmann fra professor Magne Skodvin

I ein replikk til meg (Aftenposten 22/2 framstiller advokat Hartmann det som om min artikkel i same avis 12/2 skulle gi inntrykk av at den såkalla Narvik-avtalen «angivelig skulle ha endret eller supplert hovedbestemmelsene i Trondheim-avtalen», og polemiserer mot dette. Det var ein uventa lese måte! Det eg skriv, var at før ein kan drøfta slike spørsmål må det dokumenterast at ein slik tysk-norsk avtale verkeleg eksisterer. Dette må bli Hartmanns sak — det er hans påstand! og eg konstaterer at han berre legg fram det same tyske notatet, også denne gongen kutta slik at den tyske underskrifta — eller den manglande norske! — ikkje kjem til syne. Ut over dette kjem eg ikkje til å ytra meg om realiteten i dei spørsmål som er under etterforskning, før etterforskninga er avslutta, som eg no fleire gonger har opplyst.

Hartmann synest nå også lasta meg for at eg har uttala meg før eg kjende til at det ville bli politisk etterforskning i saka. Dette kan ikkje vere vel gjennomtenkt. Eg har ingen grunn til å tru at Hartmann vil setja trongare grenser for min ytringsfridom enn for den han sjølv med rette kan gleda seg over. Nok om det.

Litt meir plass må eg bruka på den passusen der Hartmann synest hevda at eg var «først» ute med å starta denne diskusjonen, ved at eg svara på eit spørsmål frå ei Oslo-avis (VG) den 3. september (trykt 4. september). La meg minna advokaten om at hans minne er en dag for kort.

I eit intervju med Hartmann i

Arbeiderbladet for 3. september 1970 etterlyste Hartmann dokument om den såkalla Narvik-avtalen, som skulle vera i mi varetekt, og som han måtte forlanga utlevert til kontroll. Ein slik påstand kan ikkje stå utan svar. Den kunne nemleg forståast som om eg sat inne med opplysningar som mogleg kunne gje Hartmann overtydande dokumentasjon i den vanskelege diskusjonen han var komen opp i, og som om eg av opportunitetsgrunnar ikkje ynskte å leggja dette fram. Nå opplyser Hartmann rett nok i same intervjuet at det aktstykket han byggjer sin djerve teori på, har han «fått oversendt av professor Magne Skodvin sammen med noen andre dokumenter» — og somme vil kanskje synast at dette ikkje nettopp tyder på slik underlagstendens.

Men når sakene stod slik, kunne eg vanskeleg gjere anna enn så lakonisk som mogleg å opplyse det som Hartmann refererer, og som eg gjerne på ny innprentar: Eg har ikkje i mi varetekt noko dokument som svarar til det Hartmann kallar «Narvik-avtalen», og eg kjenner heller ikkje noko slikt. Det er for resten ikkje tale om ein enkelt mikrofilm, som Hartmann av ein eller annan grunn synest å tru. Eg uttalar meg på grunnlag av eit materiale på omlag 2600 meter mikrofilm, som etter eit overslag inneheld noko over 110 000 reproduserte dokumentsider. Til dette kjem ein samling fotostatkopiar. Her reknar eg berre med tyske arkivalia som har med okkupasjonen av Norge å gjera.

Dei sterke ord har eg spart til slutt. Dei er Hartmanns, ikkje mine. Det gjeld den passusen der han talar om min «kategoriske og uriktige uttalelse» vedrørende det materialet som han altså ikkje kjenner. La meg så mildt og venleg som mogleg få minna advokaten om den store risiko som ligg i å ut-

tala seg så massivt om innhaldet i aktstykket som han sjølv opplyser at han ikkje kjenner i innhaldet i. Denne risikoen må advokat Hartmann leva med ennå ei stund. Eg kjem ikkje til å ta opp den såkalla «Narvik-avtalen» eller Ruges rolle sommaren 1940 før etter at saka er ferdig ekspedert frå Riksadvokaten. Dette standpunkt er ikkje diktert av formelle grunnar, som Hartmann synest å tru. Eg legg vekt på at forskning og etterforskning skal haldast skilt. Dessutan nærer eg eit ynske om å sleppa unødvendig ordstrid. Men ein kan sjølv sagt ikkje få alle ynske oppfylt.

## Norge har ikke bundet seg til Werner-rapport

— Norge har på ingen måte det seg til Werner-rapport statssekretær Kjell C. Utenriksdepartementet Pressebyrå.

Nasjonen gikk fritt til felts mot Chr. Solums hevdet i ring på

Amb tilfred hadd pom inte fa fe e s r f

Beholdt ditt hud med

# AKNOL

aknesalve

Finest til på apotek

Den nye salven AKNOL hjelper Dem til å behandle hudproblemer som kviser, pimples, og sorte prikker. AKNOL er en effektiv behandling for hudproblemer hvor huden er irriteret av bakterier og sopp. Den fjerner effektivt de overflødig fett og døde hudceller, og forhindrer dem i å komme tilbake.